



Arkivnr: 2014/23124-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Deloitte orienterer

Bakgrunn for saka:

Det er avtalt at Deloitte i dette møtet skal orientere kontrollutvalet om desse to sakene:

1. Kvalitetskontroll frå Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Den norske Revisorforening (DnR)
2. Oppdrag Deloitte har utført/utfører for Hordaland fylkeskommune utover revisjonsoppdraget

Drøfting:

1. Kvalitetskontroll frå Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Den norske Revisorforening (DnR):

Sekretariatet sende slik e-post til Deloitte 23.04.2018:

«Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Den norske Revisorforening (DnR), har etter det vi kjenner til, rutinar for å gjennomføre kvalitetskontroll med jamne mellomrom av revisjonseiningar som reviderer kommunar. Resultatet av slike kvalitetskontrollar kan vera nyttig for kontrollutvala å verte kjend med.

På bakgrunn av dette ber vi om å få tilsend skriftleg dokumentasjon på eventuelle gjennomførte kvalitetskontrollar dei siste tre åra i kommunar Deloitte er revisor for og der vi er sekretariatet. Vi ber om å få dokumentasjon for gjennomførte kvalitetskontrollar for både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Informasjonen bes send hit innan 14.05.2018.»

I telefonsamtale mellom partnerane, Unni-Renate Moe og Bjarne Ryland, og sekretariatet 15.06.2018 vart det semje om at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om status for gjennomførte kvalitetskontrollar i dette møtet.

Slik sekretariatet ser det bør kontrollutvalet be Deloitte om å leggja fram skriftleg dokumentasjon som viser resultatet av gjennomførte kvalitetskontrollar.

2. Oppdrag Deloitte har utført/utfører for Hordaland fylkeskommune utover revisjonsoppdraget:

Ansvarleg partner i Deloitte, Bjarne Ryland, tok telefonisk kontakt med sekretariatet 28.06.2018 for å orientere om oppdrag dei hadde fått førespurnad om å utføre utover det som ligg i revisjonsoppdraget. Det vart semje om at han skal orientere kontrollutvalet om dette i septembermøtet.

Kontrollutvalet bør i tillegg be om at Deloitte legg fram orienteringa i skriftleg form.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber Deloitte om å leggja fram skriftleg dokumentasjon som viser resultatet av gjennomførte kvalitetskontrollar frå NKRF og DnR.

Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet, i tillegg til munnleg orientering i møtet, ber om skriftleg orientering i høve oppdrag Deloitte har utført/utfører utover det som ligg i revisjonsoppdraget.

Å følgje desse to tilrådingane vil bidra i arbeidet med at kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Det vert elles tilrådd at informasjonen vert teken til orientering.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte om å leggja fram skriftleg dokumentasjon som viser resultatet av gjennomførte kvalitetskontrollar frå NKRF og DnR.
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg orientering i høve oppdrag Deloitte har utført/utfører utover det som ligg i revisjonsoppdraget.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.